

# Bustadforum i Bergensområdet – Mandat

## 1. Føremål

Ramma for forumet er gitt i [Regional areal- og transportplan for Bergensområdet](#) (RATP), der målsettinga er å oppnå eit kompakt, klimavenleg utbyggingsmønster med gode kvalitetar. Korleis vi disponerer areala og lokaliserer viktige funksjonar og kvalitetar i dei fysiske omgjevnadene våre, har mykje å seie for trivsel, tryggleik, busetting, verdiskaping, klima og miljø. Bustadforumet skal fokusere på korleis ein kan oppnå sosial berekraft gjennom kvalitet i dei bygde omgjevnadene. I dette ligg det også å ta inn framtidas bustadbehov, og legge til rette for større mangfald og nytenking i bustadsektoren.

Regionalt bustadforum skal legge til rette for at relevante private og offentlege aktørar kjem saman for felles informasjon, drøfting og kompetanseheving på tema knytt til bustadplanlegging og gjennomføring av planar.

Regionalt bustadforum skal bidra til:

- Å realisera intensjonar og mål i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
- Auka kompetanse innan bustadplanlegging og styrke samarbeidet mellom offentlege og private aktørar.
- Å legge til rette for gjensidig informasjon, erfaringsutveksling og drøfting av praksis, og gjennom dette oppnå ei felles forståing av utfordringsbiletet.
- Å fremja meir føreseieleg og effektivt planarbeid.
- Å fremja heilsakleg bustadplanlegging som verktøy for ei berekraftig og framtidsretta samfunnsutvikling.

## 2. Hovudsaksområde

Regionalt bustadforum i Bergensområdet er avgrensa til dei kommunane i Bergensområdet med regionale vekstsoner: Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden.

Bustadforumet skal vere ein arena for utveksling av aktuell informasjon og erfaringar mellom ulike medverkande i bustadfeltet i Bergensområdet. Dette vil særleg knyte seg til desse temaa i private og offentlege planar:

- Utbyggingsmønster og fortetting
- Bustadkvalitetar i og kring bustaden
- Bustadbehov - bustad for alle
- Koordinering av verkemiddel i bustadpolitikken

Tema lista opp her er ikkje prioriterte, og derfor ikkje nummerert. Forumet kan ta opp relevante spørsmål og tema knytt til bustad og planlegging som det sjølv finn tenleg. Bustadforumet skal ikkje ha formell status der ein tar avgjerder eller meklar i plansaker.

### **3. Deltaking og møter**

Ei koordineringsgruppe som med faste administrative representantar frå kommunane, Husbanken og fylkeskommunen tar initiativ til og legg til rette for forumsmøta. Vestland fylkeskommune leier koordineringsgruppa.

I Regionalt bustadforum er det ønska politisk og administrativ deltaking frå Vestland fylkeskommune, kommunane Bergen, Øygarden, Alver, Bjørnafjorden og Askøy og Husbanken. Det kan vere særleg nyttig for plansjef/planleggjar og planutvalsleiar å ta del i forumet. Fylkesutvalet har to faste representantar i forumet, leiar og medlem.

Eit hovudmål med forumet er å få til ei utveksling mellom offentleg planlegging og private aktørar, med særleg fokus på bustad. Det skal vere faste representantar frå private bustadaktørar, til dømes større bustadbyggelag i Bergen, konsulentar og utbyggjarar i omlandskommunane.

Regionalt bustadforum skal ha to møter årleg fordelt på høst og vår, med første møte høst 2020. Desse møta vil legge opp til innlegg om valt tema, gruppearbeid og/eller open debatt.

### **4. Økonomi**

Sidan dette arbeidet er del av VLK si oppfølging av RATP, vil fylkeskommunen finansiere gjennomføring av bustadforum med inntil to årlege heildagsmøter med innleiarar, lokale, etc. Husbanken og kommunane yt eigeninnsats i form av bidrag i planlegging og gjennomføring av forumsmøta.